



DET KONGELEGE  
LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENT

# Prop. 19 S

(2016–2017)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

## Endringar i statsbudsjettet 2016 under Landbruks- og matdepartementet m.m.

*Tilråding frå Landbruks- og matdepartementet 25. november 2016,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Solberg)*

### 1 Innleiing

Landbruks- og matdepartementet legg i denne proposisjonen fram forslag om endringar i løyvingar under enkelte kapittel og postar i statsbudsjettet for 2016.

### 2 Framlegg til endringar i løyvingar under kapittel og postar i 2016

#### Kap. 1112 Kunnskapsutvikling og beredskap m.m. på matområdet

*Post 50 Kunnskapsutvikling, kunnskapsformidling og beredskap, Veterinærinstituttet*

På grunn av forskingsbehov som følgje av sjukdommen Chronic Wasting Disease (CWD), som rammar hjortedyr, gjer departementet framlegg om å auke løyvinga over kap. 1112, post 50 med 2 mill. kroner mot tilsvarende reduksjon under kap. 1137, post 50.

#### Kap. 4115 Mattilsynet

*Post 01 Gebyr m.m.*

Ifølgje dei siste prognosane vil gebyrinntektene til Mattilsynet for 2016 bli på om lag 145,9 mill. kroner, som er 11 mill. kroner under det budsjetterte.

Om lag 5 mill. kroner skriv seg frå endringar inn- anfor kjøttkontrollen. Reduksjonen er elles knytt til forlenga frist for søknadshandsaming ved ny plantevernmidelforordning og forseinkingar ved innkrevjing av gebyr til ny forsøksdyrforvaltning. Departementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 11 mill. kroner.

#### Kap. 1137 Forsking og utvikling

*Post 50 Forskingsaktivitet, Noregs forskingsråd*

For å dekkje inn forskingsbehov i samband med CWD, jf. kap. 1112, post 50, gjer departementet framlegg om å redusere løyvinga over kap. 1137, post 50 med 2 mill. kroner.

#### Kap. 1142 Landbruksdirektoratet

*Post 73 Tilskott til erstatningar m.m.*

Løyvinga er ei overslagsløyving. Ifølgje dei siste prognosane vil det vere behov for å auke løyvinga med om lag 40 mill. kroner knytt til oppgjer i samband med tidlegare utbrott av antibiotikaresistente bakteriar (MRSA), pålagd sanering ved påvising av fotråte hos småfe og omfattande destruering av tomatplanter på grunn av viroid, som er ein virusliknande sjukdom.

## Kap. 1148 Naturskade – erstatningar

### Post 71 Naturskade, erstatningar

Løyvinga er ei overslagsløyving. Løyvinga for 2016 er på 182,2 mill. kroner. Tilsegn om erstatning for naturskadar blir gitt med ein gjenoppretingsfrist på 3 år. Utbetaling av erstatning skjer først når skaden er gjenopprett.

På bakgrunn av oppdaterte prognosar for utbetalningar i 2016 og tilsegn som ikkje er innfridde per 31.12.2016, gjer departementet framlegg om å redusere løyvinga på posten med 35,5 mill. kroner, og å auke tilsegnsmakta med 19,2 mill. kroner til 83,1 mill. kroner.

## Kap. 1150 Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.

### Post 71 Tilskott til erstatningar m.m.

Løyvinga er ei overslagsløyving. Ifølgje dei siste prognosane vil det i 2016 vere mindre klimarelaterte avlingsskadar enn i eit normalår. Departementet gjer difor framlegg om å redusere løyvinga med 7 mill. kroner.

### Post 73 Pristilskott

Løyvinga er ei overslagsløyving. Ifølgje dei siste prognosane forventast det eit meirforbruk på om lag 190,9 mill. kroner. Av dette utgjer meirforbruk til prisnedskrivning av norsk korn 144,2 mill. kroner. Også for husdyrprodukt er det registrert og prognosert auka volum som gir større forbruk på posten enn det som er budsjettet i 2016. Dei auka voluma av korn og kjøtt gir også auka forbruk over fraktordningane.

## Kap. 1151 Til gjennomføring av reindrifftsavtalen

### Post 51 Tilskott til Utviklings- og investeringsfondet

I tråd med omtale under kap. 1151, post 75, gjer departementet framlegg om å redusere løyvinga over kap. 1151, post 51 med 5 mill. kroner.

### Post 75 Kostnadssenkande og direkte tilskott

For å dekkje inn auka utgifter på posten gjer departementet framlegg om ein auke på 5,55 mill. kroner, som blir dekt inn gjennom tilsvarende reduksjon på kap. 1151, postane 51 og 79. Meirforbruket er i hovudsak knytt til dei produksjonsavhengige tilskotta.

### Post 79 Velferdsordningar

I tråd med omtale under kap. 1151, post 75, gjer departementet framlegg om å redusere løyvinga over kap. 1151, post 79 med 550 000 kroner.

## 3 Andre saker

### 3.1 Tilføyning av stikkordet «kan overførast»

I samband med framlegginga av Prop. 77 S (2015–2016) *Reindrifftsavtalen 2016/2017 og endringer i statsbudsjettet 2016 m.m.* blei stikkordet «kan overførast» ved ein feil ikkje teke med i vedtakslista. Departementet gjer difor framlegg om at stikkordet blir lagt til kap. 1142, post 71 *Omstillingstiltak i Indre Finnmark*, kap. 1151, post 75 *Kostnadssenkande og direkte tilskott* og kap. 1151, post 79 *Velferdsordningar*.

### 3.2 Avvikling av Staur gård AS

#### 3.2.1 Bakgrunn

Eigedommen Staur på Stange blei kjøpt av staten i 1960 for å nyttast til forsøksverksemd i regi av Statens kornforretning. Samstundes blei hovudbygningen bygd om for å nyttast til statleg representasjonsverksemd, jf. St. prp. nr. 91 (1959–1960). Etter at kornforretninga blei omdanna til Statkorn Holding AS, seinare Cermaq AS, blei eigedommen i 2001 ført tilbake til staten, og det blei oppretta eit nytt aksjeselskap, Staur gård AS, for å vidareføre verksemda ved eigedommen. Staten v/Landbruks- og matdepartementet eig alle aksjane, og den samla aksjekapitalen er på 1,5 mill. kroner. Forholdet mellom staten som eigar og selskapet som leigetakar av eigedommen er i dag regulert i eigen leigeavtale.

Staur gård AS har eit sektorpolitisk ansvar for å leggje til rette for forskings- og forsøksverksemd i jordbruket, og å drive eigedommen på ein best mogleg måte. Av dei viktigaste funksjonane på garden er teststasjonen for storfe i regi av Tyr/Nortura, seminastasjonen for sau i regi av Norsk sau og geit, og korn- og planteforsøk i regi av Graminor AS. Selskapet driv også gjestegarden på Staur. Eigedommen er spesiell og eigenarta, og hagen, parkanlegget og fleire bygningar er freda av Riksantikvaren. Selskapet har til oppgåve å drive eigedommen på ein rasjonell måte innanfor ramma av desse omsyna, jf. Prop. 1 S (2016–2017) for Landbruks- og matdepartementet.

### 3.2.2 Status

Dei seinare åra har særleg gjestegardsverksemda vore krevjande, noko som har bidrege til underskott. Samla nærmar eigenkapitalen seg no halvparten av den samla aksjekapitalen.

Førebelse tal tyder også på at det vil gå mot underskott i 2016. Underskottet er hovudsakleg knytt til gjestegardsverksemda, mens FoU-verksemda går med eit lite overskott.

På bakgrunn av denne økonomiske situasjonen fatta styret hausten 2016 vedtak om at selskapet ikkje lenger er i stand til å bere forpliktingane sine, og at vidare drift føresett at eigar tilfører selskapet kapital.

I dei seinare åra er det investert betydelege midlar til vedlikehald av eigedommen, men det er framleis eit stort bygningsmessig etterslep. Det er også utfordringar knytt til verksemda si infrastruktur og til etterleving av gjeldande brann- og redningsregelverk. Med utgangspunkt i den økonomiske situasjonen for selskapet, vil det ikkje vere mogleg å halde eigedommen i forsvarleg stand utan at dette inneber betydelege utgifter for staten.

### 3.2.3 Vurdering

Gjestegardsverksemda ved Staur blei opphavelig oppretta for å dekkje statlege behov for konferansefasilitetar. Med eit auka utbod av konferansefasilitetar på det sentrale austlandsområdet og endra forventningar til desse, har selskapet sitt nedslagsfelt over tid endra seg frå å dekkje desse opphavelige behova, til å bli ein aktør som i mindre grad skil seg frå andre aktørar i konferanse- og overnattingsmarknaden.

Departementet kan ikkje sjå at det er gode nok grunnar til at staten skal ta ansvar for å leg-

ge til rette for gjestegardsverksemd av denne typen. Det bør difor ikkje vere aktuelt å nytte statlege midlar til å tilføre selskapet kapital eller til å dekkje dei økonomiske behova som er avdekt ved eigedommen elles. Det bør heller ikkje vere ein aktuell modell å avvikle gjestegardsverksemda og samstundes drive resten av selskapet som i dag. Det vil overføre større utgifter til selskapet enn inntektene frå forsøks-garden i dag, samstundes som det vil gjere at ein stor og særprega bygningsmasse som er underlagt vern frå Riksantikvaren, blir ståande tom og ubrukt.

Staur gard er ein betydeleg eigedom på Stange, og har ein historikk som ein god arena for ulike former for samfunnsnyttig aktivitet. I lys av utviklinga som her er gjort greie for, kan departementet likevel ikkje sjå at dette er gode nok grunnar til halde fram med statleg eigarskap i dagens situasjon. Ved avvikling av selskapet vil det i etterkant bli sett i verk ein prosess for avhending av sjølve eigedommen, i tråd med avhendingsinstruksen. Departementet vil komme tilbake til dei budsjettmessige konsekvensane ved avvikling og sal i den ordinære budsjettprosessen.

I samband med avvikling av selskapet legg departementet til grunn at forpliktingane overfor dagens leigetakarar blir følgd opp i tråd med inn-gåtte kontraktar.

### 3.2.4 Framlegg

Departementet legg opp til å avvikle Staur gård AS i tråd med aksjeloven § 16, jf. framlegg til vedtak IV, med sikte på å få effektuert avviklinga i løpet av første halvår 2017. Eigedommen Staur gard vil bli seld, i tråd med avhendingsinstruksen.

Landbruks- og matdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2016 under Landbruks- og matdepartementet m.m.

---

**Vi HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2016 under Landbruks- og matdepartementet m.m. i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## Forslag

### til vedtak om endringer i statsbudsjettet 2016 under Landbruks- og matdepartementet m.m.

## I

I statsbudsjettet for 2016 blir det gjort følgjande endringer:

## Utgifter:

Kap.	Post	Nemning	Kroner
1112		Kunnskapsutvikling og beredskap m.m. på matområdet	
	50	Kunnskapsutvikling, kunnskapsformidling og beredskap, Veterinærinstituttet, blir auka med.....	2 000 000
		frå kr 92 327 000 til 94 327 000	
1137		Forsking og innovasjon	
	50	Forskingsaktivitet, Noregs forskingsråd, blir redusert med.....	2 000 000
		frå kr 256 065 000 til kr 254 065 000	
1142		Landbruksdirektoratet	
	73	Tilskott til erstatningar m.m., <i>overslagsløyving</i> , blir auka med .....	40 000 000
		frå kr 55 610 000 til kr 95 610 000	
1148		Naturskade – erstatningar	
	71	Naturskade, erstatningar, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med.....	35 500 000
		frå kr 182 200 000 til kr 146 700 000	
1150		Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.	
	71	Tilskott til erstatningar m.m., <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med .....	7 000 000
		frå kr 43 000 000 til kr 36 000 000	
	73	Pristilskott, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med.....	190 920 000
		frå kr 2 891 530 000 til kr 3 082 450 000	
1151		Til gjennomføring av reindriftsavtalen	
	51	Tilskott til Utviklings- og investeringsfondet, blir redusert med.....	5 000 000
		frå kr 32 400 000 til kr 27 400 000	
	75	Kostnadssenkande og direkte tilskott, <i>kan overførast</i> , blir auka med .....	5 550 000
		frå kr 74 650 000 til kr 80 200 000	
	79	Velferdsordningar, <i>kan overførast</i> , blir redusert med .....	550 000
		frå kr 2 150 000 til kr 1 600 000	

## Inntekter:

Kap.	Post	Nemning	Kroner
4115		Mattilsynet:	
	01	Gebyr m.m., blir redusert med .....	11 000 000
		frå kr 156 886 000 til kr 145 886 000	

*Fullmakt til å pådra staten forpliktingar ut over gitte løyvingar*

## II

## Tilsegnfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Landbruks- og matdepartementet i 2016 kan gi tilsegn om tilskott utover gitte løyvingar, men slik at samla ramme for nye tilsegn og gammalt ansvar ikkje overstig følgjande beløp:

Kap.	Post	Nemning	Samla ramme
1148		Naturskade – erstatningar	
	71	Naturskade, erstatningar	83,1 mill. kroner

*Andre fullmakter*

## III

## Vidareføring av stikkord

Stortinget samtykkjer i at løyvinga i statsbudsjettet for 2016 under kap. 1142 Landbruksdirektoratet, post 71 Omstillingstiltak i Indre Finnmark, framleis skal ha stikkordet «kan overførast».

## IV

## Fullmakt til å avvikle statlege selskap

Stortinget samtykkjer i at Staur Gård AS blir avvikla.

---



---



